



DET KONGELEGE BARNE-  
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president  
Stortinget  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/1243-

18. mars 2024

## Svar på skriftleg spørsmål - nr. 1525

Eg viser til brev frå Stortingets president 13. mars 2024 med spørsmål til skriftleg svar nr. 1525 frå representanten Abid Raja:

*«Vil statsråden ta initiativ til at det igangsettes undersøkelser av om det er slik at statsstøtte kan ha blitt sendt ut av Norge siden 2019 i perioden frem til menigheten ikke lenger fikk statsstøtte?»*

Bakgrunnen for spørsmålet frå representanten Raja er ein avisartikkel som Dagen publiserte 12.mars 2024 om at trussamfunnet Jehovas vitner (JV) har overført 400 millionar kroner til utlandet sidan 2019.

Trus- og livssynssamfunn som er registrert etter lov om trus- og livssynssamfunn (trussamfunnslova), som tok til å gjelde 1. januar 2021, kan krevje årlege statstilskot, jf. lova § 5 første ledd. Tilskotet skal nyttast til trus- eller livssynsformål, jf. § 5 andre ledd. Samfunn som får tilskot, skal kvart år sende inn ein rekneskap til statsforvaltar. Rekneskapen skal innehalde ei spesifisert oversikt over trus- eller livssynssamfunnet sine inntekter og utgifter, og vise kva tilskotet er nytta til, jf. lova § 7 tredje ledd og trussamfunnsforskrifta § 13 andre ledd.

JV har førebels ikkje fått noko tilskot etter den nye trussamfunnslova. Krava om tilskot for åra 2021, 2022 og 2023 har anten blitt avslått eller avvist. JV er i dag heller ikkje eit registrert trussamfunn, jf. vedtak 22. desember 2022 frå Statsforvaltaren i Oslo og Viken om avslag på søknad om registrering av JV etter trussamfunnslova. Dermed har JV per i dag ikkje ei plikt til å sende statsforvaltar årsrapport og rekneskap etter reglane i trussamfunnslova og trussamfunnsforskrifta.

Etter den tidlegare trussamfunnslova, lov om tredomssamfunn og ymist anna, var det eit krav at tilskota skulle gå til religiøse formål, og at det skulle sendast inn rekneskap over bruk av tilskota, jf. lova § 19 fjerde ledd. JV fekk statleg og kommunalt tilskot etter denne lova fram til og med tilskotsåret 2020.

Tabellen nedanfor viser kor mykje JV har fått i tilskot etter den tidlegare trussamfunnslova, deira andre inntekter, beløpet dei har gitt i støtte til verksemda i andre land, og eigenkapitalen ifølgje rekneskapane sendt til statsforvaltar for dei fem åra 2016–2020. (Kvart rekneskap er for perioden september til august, dvs. at rekneskapen for 2016 er for perioden september 2015 til august 2016.)

	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
<b>Tilskot</b>	12 636 227	13 643 065	14 258 332	15 431 545	15 611 270
<b>Andre inntekter</b>	103 544 666	60 977 809	71 159 090	97 753 578	82 686 831
<b>Støtte til utland</b>	90 206 559	57 076 787	58 225 889	92 371 501	83 868 739
<b>Eigenkapital</b>	84 229 827	81 670 679	72 957 362	69 478 696	64 087 629

Tala viser for det første at tilskota etter trussamfunnslova utgjorde ein relativt liten del av inntektene. For det andre var dei andre inntektene enn tilskota etter trussamfunnslova, som for det meste bestod av arv og gåver, kvart år klart høgare enn beløpet dei gav i støtte til verksemda i andre land, med unntak av 2020, då støtta til utlandet var litt høgare enn inntektene dei hadde utanom tilskota. Eigenkapitalen har kvart år blitt redusert for å dekke negative årsresultat.

Ut frå rekneskapstala ovanfor er det ikkje grunn til å tru at JV har overført tilskot etter trussamfunnslova til utlandet.

Eg vil dessutan påpeike at JVs rekneskapar for ovannemnde (og tidlegare år) har blitt revidert av statsautorisert eller registrert revisor, og at statsforvaltar kvart år skal ha kontrollert at JV har brukt tilskot i samsvar med trussamfunnslovas forutsetningar.

Med helsing



Kjersti Toppe

*Brevet er godkjent elektronisk*